



Kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Karoline Aldis Bjerkeset, 5764 3093

Innlemming av vakt- og administrasjonstilskotet i råmefinansieringa til kommunane frå 2020

Vi syner til vedlagte brev frå Landbruksdirektoratet datert 28.06.2019.

Stortinget har handsama og vedteke kommuneproposisjonen 2020, prop. 113 S (2018-2019). Her låg det eit framlegg frå Regjeringa om at tilskotet som kommunane får til klinisk veterinærvakt utanom ordinær arbeidstid (vakt- og administrasjonstilskotet), skal innlemmast i råmefinansieringa til kommunane i samband med statsbudsjettet for 2020.

Om dette vert resultatet av det vedteke statsbudsjettet hausten 2019 vil kommunane difor ikkje lenger få øymerka tilskot til vakt- og administrasjon av klinisk veterinærvakt utanom arbeidstid frå 2020.

Vi syner til dialog med kommunane i 2018 i samband med eventuelle endringar i struktur i veterinærvaktdistrikta. Landbruksdirektoratet har, på bakgrunn av framlegget i kommuneproposisjonen, varsla at dei ikkje vil vedta ny struktur for veterinærvaktdistrikta med verknad frå 2020, så fram Stortinget ikkje gjer endringar av det som no er vedteke i kommuneproposisjonen i samband med handsaming og vedtak av statsbudsjettet for 2020.

Ta kontakt med sakshandsamar om det er spørsmål.

Med helsing

Christian Rekkedal
Landbruksdirektør

Karoline Aldis Bjerkeset
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent